



Anbjørn Høivik heldt ein interessann tale som gav oss godt innblikk i arbeidet med prosjektet.

- I dag kan vi sjå tilbake på nær 13 års svangerskap og halvanna års fødsel, sa Anbjørn Høivik då han tala på vegne av grunneigarane ved opningshøgtida av Tverrelva kraftverk på Oska der han rosa samarbeidet i prosjektet. Han understreka at det ikkje var sjølvstøtt med så mange grunneigarar involvert.

- Med så mange eigarar er det ikkje sjølvstøtt at det skal verta semje om hverken utgangspunkt, prosess eller resultat, sa han vidare. Og mange grunneigarar er det! Det er 12 gardar på Haugland og 6 gardar på Kjærland som har fallrett. I tillegg kjem så felleseiga på fjellet der det er 17 partar; 11 av dei på Ljosnes, Volden og Rød i tillegg til dei 6 Kjærlandsgardane. Derfor kan det til saman reknast 34 som er grunneigarar for denne utbygginga. Han fortalde at til saman har grunneigarane spytt inn nær 7 millionar kroner som er henta frå kistebotnar, kakeboksar og madrasser, og i dag har det gjeve eit resultat dei er fornøgdde med.

Høivik tok også eit historisk tilbakeblikk, og understreka at utnytting av kreftene i Tverrelva ikkje er nokon ny idé. Det er framleis synlege spor etter minst 11 kvernhus som stod ved elva den gongen det vart dyrka korn på Vestlandet. Mest synleg er likevel det gamle Kjærlandsverket. Det var i drift i 25 år før det havarerte i 1969. Då var det nedslite og vart lagt ned.

Det går ei linje i historia frå Kjærlandsverket og fram til det nye Tverrelva kraftverk. Ein dom frå 1948 slo nemleg fast fordelinga av fallrettane, og det er også lagt til grunn ved den nye utbygginga. Det har i alle år vore snakka om at ressursane i Tverrelva burde utnyttast. Kvinnherad Energi kom så langt at dei på 1980-talet hadde ein plan om å føra vatnet vekk frå vassdraget og byggja kraftverk på andre sida, i Sandviklia. Dette kom aldri lenger enn til teiknebrettet.

Ein biltur til Fjellhaugen i februar i 2003 fekk stor betydning for utbygginga. På den tida var ein godt i gang med grunneigarstyrte utbyggingar av småkraftverk. Anbjørn Høivik fortalde at då dei kom opp i Myklebust-dalen ymta Steinar Haugland fram på om mulighetene for eit småkraftverk i Tverrelva.

- Ingen av oss var grunneigarar då, men Steinar var i det minste odelsgut til eit bruk på Haugland. Sjølv var eg i beste fall ein komande svigerson på Kjærland, sa Anbjørn om dei to ungutane sin situasjon på det tidspunktet. Idèen var sådd, dei samla seg eit faktagrunnlag og i oktober same år inviterte dei grunneigarane til møte. Grunneigarane greip idèen, førte den vidare og dermed var det i gang.

Mange friarar banka på døra og ville samarbeida med dei om prosjektet, men dei gjorde raskt valget at dei ville satsa på ein kjent og trygg samarbeidspartnar. Allereie i 2004 kom det i gang drøftingar med SKL. Der var Dag Eirik Eikeland ein god kontakt og eit fast haldepunkt. Det var han i meir enn 10 år fram til han gjekk av med pensjon for eit par år sidan.

I den gode talen sin takka Anbjørn Høivik SKL for samarbeidet som no gjev frukter. Mange vart nemnde med namn. Han takka også leverandørane, og syntes det var kjekt at det var Kvinnheradsfirma mellom dei. Dermed har utbygginga gjeve positive ringverknader i lokalsamfunnet.

Eigarane såg fram til å koma i ordinær drift.

- Mange av oss er bønder, og som bønder har vi eit anstrengt forhold til mykje og langvarig regn. Men no har dette altså fått ei positiv side også! Takk for oppmerksomheten og gratulerer med dagen til oss alle! avslutta Anbjørn Høivik talen på vegne av grunneigarane.



[Adm. dir. Magne Heimvik takka grunneigarar ig andre bidragsytarar for god jobb og godt samarbeid](#)

Adm. dir. i SKL Magne Heimvik heldt også tale. Han sa at det var spesielt kjekt for dei å få dette oppdraget i Kvinnherad som er SKL sitt opphav. I den samanheng takka han grunneigarane for tilliten dei var blitt vist. Han tok også eit kort historisk tilbakeblikk. Han understreka at det gode samarbeidet med grunneigarar og kommune hadde gjeve gode løysingar. Han takka også leverandørar og eigne folk som hadde gjort gode bidrag i jobben, og ønskte gode år og godt samarbeid framover.

Før talane hadde vi blitt servert smakfull betasuppe med godt surdeigsbrød av vertskapet på Oska. Før ein kort beinstrekk hadde også Eyvind Tvedt i Energi Teknikk ordet der han takka for oppdraget og overrekte gåve.

I siste økta tok prosjektleiar Jarle Kjellesvik oss med på ein interessann powerpoint-presentasjon der han fortalde oss om prosjektet frå start til mål. Etter det vart feststunda avslutta med kaffi og nydeleg marsipankake.



Dagleg leiar i Tverrelva kraftverk Hege Økland overrekte blomar til prosjektleiar Jarle Kjellesvik.
Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.